



Gunn Mari Moberg og Kristian Bringedal i Uskedal Utvikling ønsjer velkommen til tilflytarsamling i Gamleskulen bak dei.

Uskedalen er i den heldige situasjon at mange har flytta til bygda dei siste åra. God byggjeaktivitet, innvandrarak og andre som flyttar til bygda, og familiar som flyttar heim att er nokre av grunnane til denne gode utviklinga. Onsdag 7.oktober kl.18 inviterer Uskedal Utvikling til velkomstsamling for dei som har flytta til bygda dei seinare åra.

Programmet for samlinga har som mål å gjera dei som har flytta hit kjende med den nye heimbygda si. Det vert informasjon om lag, fritidsaktivitetar, næringsliv og tilbod som ein kan få glede av i Uskedalen.

Dessutan legg ein vekt på det sosiale ved det å treffast og verta kjent. Den gode Spar-butikken vår har tilbydd seg å syta for servering av pizza og kaffimat slik at det vert tid for både matøkt og god prat. Enkle kulturelle innslag skal det også verta.

At borna trivest, er sjølvsagt viktig for alle. Derfor skal dei også vera med på samlinga som byrjar kl. 18 i Gamleskulen onsdag 7.oktober. Då vert den ferdig til borna skal leggja seg, og vi håpar og trur samlinga vert ei fin oppleving for både born og vaksne. Ein god start i den nye heimbygda.

Uskedal Utvikling ønsjer **ALLE** tilflyttarak velkommen til Gamleskulen onsdag 7.oktober!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland